

## *Pithya cupressina* (oransje greinbeger)

Soppsjukdom

Venche Talgø og Arne Stensvand, Planteforsk Plantevernet

E-post: [venche.talgo@planteforsk.no](mailto:venche.talgo@planteforsk.no)

### Samandrag

*Pithya cupressina* (oransje greinbeger) er ein sjeldan sopp som er på lista over truga artar i Noreg. I 2001 vart denne soppen funnen på ein prøve av *Juniperus x media* 'Mint Julep' i Ås kommune.

### Summary

*Pithya cupressina* is not very common and is on The red list of threatened fungi in Norway. In 2001 this fungus was found on *Juniperus x media* 'Mint Julep' in south eastern Norway.

### Vertplante

I prosjektet "Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen" vart *Pithya cupressina* funnen på ein prøve av *Juniperus x media* 'Mint Julep' på Ås hausten 2001 (Fig. 1). På norsk vert denne soppen kalla oransje greinbeger. Denne soppen vart registrert ved Planteforsk Plantevernet i 1941 på kinaeiner (*Juniperus chinensis*), 1968 på sabinaeiner (*Juniperus sabina*) og himalayaeiner (*Juniperus squamata*) og i 1985 på lawsonsyppress (*Chamaecyparis lawsoniana*). I USA er denne soppen registrert på syppress (*Cupressus*), tuja (*Thuja*), einer (*Juniperus*) og kystmammuttre (*Sequoia sempervirens*).

### Symptom og biologi

Fruktlekamane har nærast form som ein liten, rund sopphatt, men dei er berre 1-3 millimeter i diameter. Sopphattane er nokså flate oppå, klart oransje og har kort stilk (Fig. 2). Fig. 3 og 4 syner bilete som er tatt av ein sopphatt i mikroskop. Når tilhøva er gunstige for soppen (varmt og fuktig) vert dei kulerunde sporane (jf. Fig. 4) frigjorde frå sporesekkar inni sopphattane og spreidde med vind.

### Tiltak

Denne soppen vert sett på som ein saprophytt (lever på dautt plantemateriale) og kjem altså berre inn etter skadar av frost eller anna. *Pithya cupressina* er å finna på "Nasjonale rødtliste for truete artar i Norge"/"Rødtlistegalleriet". Der står denne soppen under kategorien sjeldan. Dette er altså ein sopp det ikkje skal setjast inn tiltak mot.



Fig. 1. Dei daude partia på denne *Juniperus x media* 'Mint Julep' er fulle av sporehus av *Pithya cupressina*. Foto: A. Stensvand



Fig. 2. Dei oransje utvekstane på denne daude kvisten av *Juniperus x media* 'Mint Julep' er sopphattar av *Pithya cupressina*. Foto: A. Stensvand




Fig. 3. Nærbilete av eit snitt gjennom ein sopphatt av *Pithya cupressina*. Biletet er tatt i mikroskop og syner at det ligg tett i tett med sporesekkar. Den fiolette fargen skuldast fargestoffet lactofucin, som er tilsett for at detaljar i preparatet skal koma godt til syne i mikroskopet. Foto: E. Fløistad




Fig. 4. På dette biletet frå eit mikroskoppreparat ser ein tydeleg at *Pithya cupressina* har kulerunde sporar som ligg inni sporesekkar. Når sporane er mogne og temperatur og råme er gunstig for soppen, vil sporesekkane opna seg og frigjera sporane. (preparatet er tilsett fiolett farge). Foto: E. Fløistad

**Prosjekttittel:** Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen (2001-2003)

**Finansiering:** SND, NGF, eigeninnsats

**Styringsgruppe:**

Harald Rømuld (prosjektansvarleg), Norsk Pyntegrønt

Inger Hilmersen, Norsk Gartnerforbund

Tønnes Straum, produsent

Terje Pundsnes (leiar for styringsgruppa), Pyntegrøntringen

Morten N. Andersen, Det Norske Skogselskap

Arne Stensvand (fagleg ansvarleg) og Venche Talgø, Planteforsk Plantevernet



Kjem som vedlegg til Norsk Pyntegrønt hausten 2004